



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Kjetil Stavø Høvig, 5557 2260

Vår dato
04.09.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/3652 632.3
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Best.ref: 2170kjh

Tildelingsbrev - Meland kommune - Midlar til symjeopplæring for nyankomne minoritetsspråklege elevar – prosjektnummer 62069

På bakgrunn av Meland kommune sin søknad om tilskot til symjeopplæring for nyankomne minoritetsspråklege elevar tildeler Fylkesmannen i Hordaland **kr 45000** til Meland kommune, kontonummer 1503.18.83722. Utbetalinga vert merkt «merejo».

Bakgrunn for tildelinga

Fylkesmannen tildeler etter søknad, i alt kr 669 000 til symjeopplæring til nyankomne i Hordaland. Tilskotsordninga har vore lyst ut på Fylkesmannen si nettside og i brev til kommunane. Vi har motteke åtte søknader for i alt 457 elevar.

Meland kommune søkte om midlar til 30 deltakarar.

Søknaden stettar vilkåra som er sett til å motta midlar frå tilskotsordninga.

- Det er godtgjort at organiseringa medverkar til at deltakarane får tilstrekkeleg symjeopplæring til å nå måla for ordninga.
- Søknaden skisserer eit samarbeid mellom kommunen og frivillige i tiltaket.
- Ein føreset at jenter og gutar får eit likeverdig tilbod.

Rapportering

Kommunen skal rapportere til fylkesmannen på kor mange som har gjennomført symjeopplæring. Det skal også rapporterast på kor mange timar symjeopplæring som er gitt. Frist for rapportering er **14. januar 2016**.

Fylkesmannen kan føre kontroll

Vi gjer merksam på at Statens bevilgningreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Hordaland rett til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv. Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Med helsing

Eva Bendiksen
seniorrådgjevar

Kjetil Stavø Høvig
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.